



Gjemnes kommune
Rådhuset
6631 BATNFJORDSØRA

Informasjon om innbyggjarhøyring i veke 3 og 4 i 2018 -Indre Gjemnes i Gjemnes kommune

Fylkesmannen vil med dette infoskrivet gjere greie for telefonundersøkinga som skal gjennomførast i samband med vår utgreiing av grensejustering. Dette gjeld mogleg grensejustering av bygdene Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem i indre Gjemnes i Gjemnes kommune over til nye Molde kommune.

Opinion AS vil på oppdrag frå Fylkesmannen gjennomføre telefonundersøkinga. Gjemnes kommune fekk oppdraget med å samle inn telefonnummer til alle innbyggjarar over 16 år i indre Gjemnes . Alle tilgjengelege telefonnummer frå denne lista vil bli ringt opp inntil 10 gonger.

Det vil i telefonundersøkinga bli stilt eitt hovudspørsmål med tre svaralternativ.

Resultatet frå telefonundersøkinga vil være klart i veke 6, og blir då sendt over til kommunen og søkar for grensejusteringa i indre Gjemnes.

Fylkesmannen vil i løpet av veke 1 sende faktagrunnlaget omkring grensejusteringa til Gjemnes kommune med kopi til søkar av grensejusteringa for indre Gjemnes.

Vi oppmodar kommunen om å legge ut all informasjon om utgreiinga/telefonundersøkinga av grensejusteringa på sine heimesider, og synleggjere for innbyggjarane kva slags telefonnummer som ringer dei opp i undersøkinga. Fylkesmannen legg også ut aktuell informasjon på våre [heimesider](#).

Sjå viktig informasjon i vedlegget

Med helsing

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

1 VIKTIG INFORMASJON

Kopi:

Terje Angvik Hasselbakken 6636 ANGVIK